

ÅRSMELDING FOR NORDTVEIT VASSVERK 2024

Årsmøte vart halde på Selvågen Idretshus Torsdag 25.04.2024

Styret for 2024 var samansett slik:

Leiar	: Svenn Idar Nordtveit
Nestleiar	: Torgeir Hjertnes
Styremedlem	: Erling Berge
Styremedlem	: Torill Hjartåker Hauge
Styremedlem	: Øyvind Hjertnes
Varamedlem	: Hans Sandal
Varamedlem	: Kenneth Børhaug
Varamedlem	: Eli Hjartåker

Kasserar : Roald Hjartåker

Revisor : Per Nordtveit

Valnemd : Sveinung Eide, Odd Kåre Nordtveit

Styret har hatt 3 styremøter i 2024

Nordtveit Vassverk har 105 betalende parter. 1 part har sakt opp .

Det er levert 8 ordinære vannprøver og 4 råvannsprøver i 2024 av desse var det ein prøve som var for høge verdier på der det blei levert inn ny veka etter med godkjent resultat slik at me unngikk kokevarsel.

Når det gjelder humus som slår ut på fargetallet har alle prøver vist resultater under 20 som er høgaste godkjent grensverdi.

Når det er høgt forbruk (lekasjer) blir det vanskelig å holde fargetallet nede.

Det er utført ein større jobb i Botten for å reingjere tanker og rørnett utan at rensevannet går vidare ned på anlegget men blir tapet ut i elva ved reingjering.

Me har fortsatt for høgt vannforbruk. I 2024 har det lege på 5250 l pr. time som er det dobbelte av det som skulle være normalt. Dette skyldes fleire mindre lekkasjer som er oppdget tidlig som på gravplassen på Hjartnes og ved naustet til Trygve Nordtveit. Lekasjen ved Idrettsbanen er framleis ikkje fikset. Dette er Idrettslaget sitt ansvar. Det må gjøres fleire søk etter lekkasjer i 2025.

Det er satt opp kamera overvåking i huset slik at undertegnede og Hans Sandal kan følge med vann forbruket og kva som skjer i huset på telefonen til ein kvar tid. Trykkpumpe for å kunne levere eit normalt trykk til Heidal er skiftet grunna utslitt og ikkje holdt trykk.

Doserings pumpe for vannglass er skiftet. Denne tilsetningen til vannet skal hjelpe på å redusere humus og bevare ledningsnett og betongtanker.

Anlegget er holdt godt og vask av tanker og filter er utført i henhold til vedlikeholds avtalen.

Alarmsentralen fungerer fint på uv, gråvfilter og nivå dagtank.

Det har våre gjort utspylinger av rørnettet i sommerhalvåret da det er mest humus i vannet og etter behov.

Det har ikkje kommet inn klager på den generelle vannkvaliteten fra abonnentene i 2024.

Nordtveitgrend 26.03.2025

Svenn Idar Nordtveit